Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Ard og Plog-

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og Plog-

Oppskr. av: Endre Stranden

(adresse): Mittet-

Fylke: Möre og Romsdal

Herad: Eresfj og Vistdal

Bygdelag: Vistdal

Gard: Stranden

G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja-
2. Den gamle sorten er gått ut av bruk. Eg hev ikkje höyrd gamle folk fortelle at dei brukte arden til kornåker i nokkon måte. For å mylde ned kornet på gamal åker brukte man för ei harv av tre med tretindar. På nybort brukte man helst grev for å löyse meir op molda.
3. Arden bruktes både til å slå op rader ved potetsetting og til å hyppe opmed potetene. Dei som ikkje hev hest brukte för - og like dan enno eit grev til dette bruk Arden vart her i bygda kalla al (tykk l) eller potital. Same namnet hev også dei nye fa- brikalane og. No i den seinare tid brukar ein helst hestehakke istadenfor al. Dei som ikkje hev hest brukar ein "handal" som dei dreg med folkehjelp.
4. Arden som bruktes her i bygda liknar nr 1- i alle dele. - Nei-

1432

2

5. Skjeker av denne type hev ikkje vorit brukt her - det folk veit.

6. Dragåsen i ard og plog kallast Aråsen. Skoklane såg for ut so-leis:




7. Nei. Der fandtes kun ein ard på garden.

8. På arden ha man tvo små velte-fjóler av tre for å gjera fura breidare.

9. Nei.

10. Nei

11. Der er brukt på sume gardar va-rianter av disse typer men ikkje til koråkrar. De ha ristil av jarn og ustilbare veltefjóler av tre.

12. Slike arder vart laga på gardane og fikk ein smed å lage til det nödvendige smederi.

13 No brukes berre ploger med velte-fjóler av panserstål og av norsk fabrikat. I byrjan kjöpte man Amerikanske „Oliver" eller Chatta-naga ploger med stöpte veltefjó-ler. Dei vart lunge dei plogane og er omtrent avlagde. Dei er hó-velige til potetoptaking.

1432

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II 14. Plog fig. 8 er ikkje kjend her. Men for omlag 75 år sidan bruktes her på garden treplog med vrid veltefjøs, med skjær og landside av jarn.

15. Nei. Då eg som ung mann brukte den første jarnplog - Kristensenplog - smidd av smeden Knut Kristensen i Hóvik - Eidsvåg - vilde den ikkje sleppe molda - Eg måtte då, kvar gong hesten stane - velte på plogen og skrape molda av med skoen. Eg sleit ut ein sko på høgre foten kvar våronn på den måte.

16. Man kjørte før plogen på den side veltefjøla var. No på den andre sida.

17. Me hev ein slepar på plogen - enten av tre eller jarn.

18. Me hev ein høgre og ein venstre. plog. Men mange hev berre ein av delene.

19. Me hadde ein trekrok frampå plogåsen der regulerte dybden, den kallast sleiphel (tykk l) Me pløyer 6-8 tom.

20. I laus åker brukes ikkje ristill.

21. Nei - har ikkje vert brukt her.

22. Nei. Me køyre plogen på ei frau. vogn frå stad til annan.

23. Disse ploger er ikkje kjende her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Som nemnd foran var dei fyrste
jarnplogar her i Nassets prestegjeld smidd av Knut Kristensen
Hövik i Eidsvåg. Dei vart kalla
„Kristensenplogar" å dei hadde godt
ord på seg. Men når folk fekk
kjøpe amerikanske - og seinare panserstålplogar, vart Kristensenplogane avlagde med ein gong.
Ardåsen kallar me no jamt berre
plogåsen. Ard kallast her al (t)

— „ —

Stranda 20/3 1948.

And Stranden

1432
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING